



GLIMRAH med sine gjesteartistar på Midtsumarskonserten.

**Enno ein vellukka Midtsumarskonsert med GLIMRAH i Uskedalen gjer at mange tenkjer: Kan dette bli ein årleg konsert lagt til Uskedalen og ungdomshuset Helgheim. Musikalsk leiar, Maria Malmsten og dei fem andre medlemene er godt nøgde med framføringa og ikkje minst med den gode publikumstilstrøyminga med nær på 70 tilhøyrarar.**

Vokalensemblat GLIMRAH framfører eit variert program med høg kvalitet. Alle er kledde i sommarkjolar og Helgheim er pynta med markblomar og tekstilar i ulike fargar. Det er sett fram kaffi- og kakebord og heimelag saft.

Gjesteartistane var Fridar Malmsten Steinkopf og Atle Fredheim med døtrene Maia og Nanna Sofie. Fridar triksa med Devil Sticks til GLIMRAH si framføring av Bellmann Solen glimmar. Dessutan hadde han sitt eige program.



Det vart sett fram ekstra stolar for å få plass til alle som kom på Midsumarskonserten.

GLIMRAH sin Midsumarskonsert med Agatunet og Helgheim i Uskedalen som konsertarenaer er eit godt val. Jonsokfeiring har lange tradisjonar både i Hardanger og i Uskedalen. Midsumarskonserten kring St. Hans tider kan vera med på at denne tradisjonen vert styrkt.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: GLIMRAH

Nett: Kristian Bringedal



Fridar Malmsten Steinkopf er sjonglør og driv med triksing på eit høgt nivå.